



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
183/19	Formannskapet	05.12.2019
094/19	Kommunestyret	12.12.2019

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/86 - 27
------------------------------------	---------------	--------------------------------

Reguleringsplan for E16, Håbakken, med avkøyrsler og lokalvegnett - vedtak av plan

Kort samandrag:

Framlegg til Reguleringsplan avkøyrsler og lokalvegnett for E16, Håbakken, avkøyrsler og lokalvegnett, har vore lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Det kom i høyringsperioden inn 6 innspel til planframlegget. Det ligg no til rette for å vedtak reguleringsplanen med nokre mindre endringar/tillegg.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegg til *Reguleringsplan for E16, Håbakken, med avkøyrsler og lokalvegnett* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12 med følgjande endringar i planføresegnene:

Føresegn §3.7 om Vassmiljøet vert endra til slik:

3.7 Vassmiljø

Inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og ev. seinvinter.) Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare (jf.vassforskrifta). Inngrep i bekkar og areal som har avrenning til desse, må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og evt. seinvinter), og på ein måte som reduserar faren for ureining med finstoff, næringsstoff og kjemikalier.

Følgjande tilleggsføresegn skal innarbeidast:

6.6.2 Gangsti

Gangstien som er opparbeida frå lokalvegnett på sørsida til bussplass på nordsida skal haldast opparbeida og fri for fysisk hinder. Dersom det vert bygd rekkverk, må dette planleggast med opning for mjuke trafikantar der gangstien er plassert.

Tilleggssetning i føresegn 4 skal innarbeidast:

Før nytt kryss kan takast i bruk, er det ein føresetnad at passeringslomma er ferdig opparbeidd, og at avkøyrslar på sørsida er stengd. På det tidspunktet nytt kryss vert teken i bruk, skal gamal avkøyrslar stengast.

Følgjande setning frå føresegn 3.3.2 vert fjerna: *inntil eigedomsgrensa mot E16, kan det etablerast trafikkareal på privat eigedom.*

Det vert innarbeida kva punkt som skal stengast i endeleg planføresegn 6.1.3

Følgjande tilleggssetning i § 6.3.2 vert innarbeida – *Statens vegvesen må underrettast ved avvik større enn 0,5 m.*

05.12.2019 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-183/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til *Reguleringsplan for E16, Håbakken, med avkøyrslar og lokalvegnett* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12 med følgjande endringar i planføresegnene:

Føresegn §3.7 om Vassmiljøet vert endra til slik:

3.7 Vassmiljø

Inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og ev. seinvinter.) Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare (jf.vassforskrifta). Inngrep i bekkar og areal som har avrenning til

desse, må føregå på tider av året med åg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og evt. seinvinter), og på ein måte som reduserar faren for ureining med finstoff, næringsstoff og kjemikaliar.

Følgjande tilleggsføresegn skal innarbeidast:

6.6.2 Gangsti

Gangstien som er opparbeida frå lokalvegnett på sørsida til bussplass på nordsida skal haldast opparbeida og fri for fysisk hinder. Dersom det vert bygd rekkverk, må dette planleggast med opning for mjuke trafikantar der gangstien er plassert.

Tilleggssetning i føresegn 4 skal innarbeidast:

Før nytt kryss kan takast i bruk, er det ein føresetnad at passeringslomma er ferdig opparbeidd, og at avkøyrslar på sørsida er stengd. På det tidspunktet nytt kryss vert teken i bruk, skal gamal avkøyrslar stengast.

Følgjande setning frå føresegn 3.3.2 vert fjerna: *inntil eigedomsgrensa mot E16, kan det etablerast trafikkareal på privat eigedom.*

Det vert innarbeida kva punkt som skal stengast i endeleg planføresegn 6.1.3

Følgjande tilleggssetning i § 6.3.2 vert innarbeida – *Statens vegvesen må underrettast ved avvik større enn 0,5 m.*

12.12.2019 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Kåre Mentz Lysne (AP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka etter § 6 i Forvaltningslova

Gunhild Damstuen (AP) møtte.

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-094/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til *Reguleringsplan for E16, Håbakken, med avkøyrslar og lokalvegnett* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12 med følgjande endringar i planføresegnene:

Føresegn §3.7 om Vassmiljøet vert endra til slik:

3.7 Vassmiljø

Inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og ev. seinvinter.) Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare (jf.vassforskrifta). Inngrep i bekkar og areal som har avrenning til desse, må føregå på tider av året med åg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og evt. seinvinter), og på ein måte som reduserar faren for ureining med finstoff, næringsstoff og kjemikalier.

Fylgjande tilleggsføresegn skal innarbeidast:

6.6.2 Gangsti

Gangstien som er opparbeida frå lokalvegnett på sørsida til bussplass på nordsida skal haldast opparbeida og fri for fysisk hinder. Dersom det vert bygd rekkverk, må dette planleggast med opning for mjuke trafikantar der gangstien er plassert.

Tilleggssetning i føresegn 4 skal innarbeidast:

Før nytt kryss kan takast i bruk, er det ein føresetnad at passeringslomma er ferdig opparbeidd, og at avkøyrslar på sørsida er stengd. På det tidspunktet nytt kryss vert teken i bruk, skal gamal avkøyrslar stengast.

Følgjande setning frå føresegn 3.3.2 vert fjerna: *inntil eigedomsgrensa mot E16, kan det etablerast trafikkareal på privat eigedom.*

Det vert innarbeida kva punkt som skal stengast i endeleg planføresegn 6.1.3

Følgjande tilleggssetning i § 6.3.2 vert innarbeida – *Statens vegvesen må underrettast ved avvik større enn 0,5 m.*

Vedlegg:

Svar - Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett på Håbakken til offentleg ettersyn.pdf
422187.PDF

Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett på Håbakken til offentleg ettersyn - innspel frå Magne Ahlin

Uttale - Offentleg ettersyn - Detaljregulering - Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett på Håbakken sendt fra Statens vegvesen

Merknad og Avvik til Detaljreguleringsplan for RV5E16, Håbakken med avkøyrslar og lokalvegnett

NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Reguleringsendring for avkøyrslar og lokalvegnett på Håbakken - Lærdal kommune.PDF

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12.

Saksutgreiing

I arbeidet med å utvikle næringsarealet på Håbakken gjennom Områdereguleringsplan for Håbakken, delområde 1, vart det slege fast at det var behov for å detaljregulere for ny avkøyrslar frå E16 for å få best mogleg løysing for tilkomst til dette området. For å lage ny avkøyrslar her, må andre avkøyrslar langs E 16 i området stengast. Det var difor behov for å sjå på strekningen på begge sider av E16 for å leggja til rette for gode tilkomststar og lokalvegnett til bebuarar, landbruksareal og næringsareal.

Lærdal kommune engasjerte Norconsult AAS til å utarbeide planframlegget, og dei har no kome fram til planframlegg med plankart, føresegner, planomtale og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Reguleringsplanen har framlegg til løysingar for tilkomst til næringsområde og eigedomar ved Håbakken, på begge sider av E16.

Planframlegget femnar om delstrekninga på E16 frå om lag 50 m aust for rundkøyringa til og med forbi eigedomen til Slinde Eigedom AS. Det er planlagd ny/flytta avkøyrslar til Håbakken Næringspark til næringsparkern på nordsida og ny passeringslomme på sørsida. E16 er gitt i ei linjeføring med vegbreidd som samsvarar med opparbeidd veg.

Lokalvegnettet sør for E16 er og ei vidareføring av noverande og opparbeida arealbruk, men med mindre justering av linjeføring. Avkøyrslar frå E16 til Tønjum grendahus (kalla Tinghall) og naboiegedomane er planlagd stengd for å etablere nytt vegkryss og tilkomst til næringsområde på nordsida.

Planframlegget femnar ikkje om ny vurdering av heile Håbakken-området, strukturar, arealbruk, trafikktryggleik i annan grad enn for ny avkøyrslar, osv. Dette er tema som har vore avklara gjennom tidlegare planprosessar og områderegulering. Planarbeidet har vore avgrensa til å omhandle å leggje til rette for å flytte ei avkøyrslar og stenge ei avkøyrslar gjennom detaljplanlegging.

Kommunestyret vedtok oppstart av planprosess i desember 2018. Planområdet vart sidan vedteke utvida i politisk handsaming, men dette vart trekt tilbake i møte i formannskapet 13.02.19 (fs-sak 032/19). Planframlegget vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn og høyring

i møte i formannskapet 16.10.19 (fs-sak 131/19).

Vurdering

I høyringsperioden kom det inn fylgjande merknadar til planframlegget:

Brev frå NVE, datert 16.10.19

- gjev ikkje konkret fråsegn til denne saka

Kommentar/vurdering:

Vert teke til orientering.

Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 28.10.19

- ser det som positivt at det er teke inn paragraf om vassmiljø.
- ber om at det som går på inngrep vert formulert slik at ein og dekker inngrep utanfor sjølve bekken, men som kan føra til ureining av Kjerringjel og Lærdalsøelva. Til dømes: «Inngrep i bekkar og areal som har avrenning til desse, må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og evt. seinvinter), og på ein måte som reduserar faren for ureining med finstoff, næringsstoff og kjemikalier.»

Kommentar/vurdering:

Administrasjonen ser ingen utfordringar med å ta innspel frå fylkeskommunen til følgje, og rår til at føresegn § 3.7 vert endra til slik:

3.7 Vassmiljø

Inngrep i bekkar må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og ev. seinvinter.) Utbygginga skal ikkje gjere miljøtilstanden i Kjerringjel og Lærdalselva dårlegare (jf.vassforskrifta). Inngrep i bekkar og areal som har avrenning til desse, må føregå på tider av året med låg vassføring og lite biologisk aktivitet (seinsommar og evt. seinvinter), og på ein måte som reduserar faren for ureining med finstoff, næringsstoff og kjemikalier.

Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 25.11.19

- har ikkje avgjeradne merknadar til planframlegget

Kommentar/vurdering:

Vert teke til orientering.

Brev frå Statens vegvesen, datert 27.11.19

- før nytt kryss kan takast i bruk, er det ein føresetnad at passeringsslomma er ferdig opparbeidd, og at avkøyrslar på sørsida er stengd. På det tidspunktet nytt kryss vert teken i bruk, skal gamal avkøyrslar stengast. Dette må takast inn under pkt. 4 i føresegnene.
- Setning i punkt 3.3.2: inntil eigedomsgrensa mot E16, kan det etablerast trafikkareal på privat eigedom. Denne setninga må takast vekk, då dette er søknadspliktig tiltak.
- Punkt 6.1.3 Avkøyrslar i føresegnene: det må presiserast kva punkt som skal stengast
- punkt 6.3.2 – Statens vegvesen må underrettast ved avvik større enn 0,5 m.

Kommentar/vurdering:

Administrasjonen ser ingen utfordringar med å ta innspel frå Statens vegvesen til følgje, og rår til at føresegnene vert endra i tråd med innepelet.

Epost frå Magne Ahlin, sendt 18.11.19

- informerar om at me ikkje har areal å gje i forhold til vårt nye trafikkmonster på/til eigedomen vår mot E16. Området vert bygd ut for langsiktig drift, der vogntog vert planlagd å passere er 32 m. Skal E16 utvidast, må det skje på motsett side av ogg både pga. plass og sikt i forhold til trafikk på E16.
- hovudmålet med planen er å leggje til rette for nytt funksjonelt næringsareal på Håbakken, ikkje øydeleggje det.

Kommentar/vurdering:

Statens vegvesen har komme med veldig klare føringar for korleis E16 må utformast i høve

denne planen, kor veglinja må utvidast, og korleis avkøyrsla må plasserast og utformast. For å gjennomføre planarbeidet for å leggje til rette for næringsarealet, er det heilt naudsynt å koma Statens vegvesen i møte med dei krava dei har sett. Linjeføringa og utviding av E16 er tilpassa det overordna planlagde vegsystemet, og ein kan ikkje på denne korte delstrekninga starte endringar av veglinja og endre på kva side E16 skal utvidast.

Eitt av desse krava frå Statens vegvesen er å stengja avkøyrsla aust for den nye avkøyrsla til næringsarealet. Dette vil og seie at Slinde Transport får meir plass inne på sitt næringsareal som no ikkje trengst å nyttast til avkøyrslar. Administrasjonen meiner det må akseptast at det i hjørne på Slinde Eigeidom sitt areal og ei stripe langs eigedomen langs E16 vert nytta til del av ny avkøyrslar, og til justering av veglinja. Me har forståing for at Slinde Transport har behov for arealet sitt, og det er lagt stor vekt på at negativ verknad for dette firmaet skal verte minst mogleg. Ein viser her og til at det er forhandla for avtalar om kjøp av meir areal av kommunen til bedriften, og ein vonar dette i stor grad bøte på for arealet som vert nytta til vegareal.

Brev frå Øyvind AA. Lysne og Line Mari Steinheim Lunden, signer også av Arvid J. Steinheim, Marit Steinheim og Gjertrud Steinheim, datert 19.11.19

- det vert ikkje sagt noko om korleis gåande og syklende skal kunne krysse E16 på sørsida til busshaldeplassen på nordsida av E16
- er usamde i konklusjonen i ROS om at tiltaket ikkje vil påverke vesentleg kor sårbart område er, og at området er vurdert som lite sårbart. Stiller seg undrande til at det ikkje er utgreidd eller vist korleis mjuke trafikantar skal kunne krysse E16 på ein trygg og sikker måte.
- viser til at det bur i dag om lag 20 personar på sørsida av E16, blant anna to skuleelvar som dagleg må krysse E16 til busshaldeplassen, og at dette ikkje vert enklare med det planlagde rekkverket som tvingar ferdsel via krysset i profil 170
- er undrande til manglande omtale om dette og viser til Statens vegvesen si handbok om løysingar for gåande og syklende.
- meiner planen ikkje er tilfredstillande, då den ikkje viser korleis gåande skal kunne krysse E16.

Kommentar/vurdering:

Planframlegget femnar ikkje om ny vurdering av heile Håbakken-området med nye gang- og sykkelveggar, lokalvegnett og anna. Dette er tema som har vore avklara gjennom tidlegare planprosessar og områderegulering. Det har i dei ulike planprosessane som har vore tidlegare, vorte vurdert å etablere løysingar for gang- og sykkelveggar, undergangar og overgangar. Det vart i førre heilheitlege planarbeid for E16 planlagd og opparbeida gangsti frå lokalvegen på sørsida til busshaldeplassen på nordsida (ved Håbakken kro). Denne gangstien vart plassert slik at kryssing skulle skje i oversiktleg område med god sikt. Statens vegvesen har funne denne løysinga tilfredstillande, og har argumentert for at det ikkje er nok faste bebuarar i området til å kunne forsvare kostnaden til å etablere overgang/undergang. Det vil seie at dersom det skal etablerast ei løysing med overgang/undergang, vil kommunen måtte ta kostnaden av denne, så lenge kommunen no er tiltakshavar. Då det ikkje er ein del av

planarbeidet å ta stilling til endringar og strukturar i heile planområdet, har ein ikkje funne grunnlag for å innarbeide dette i reguleringsplanen.

Planarbeidet har vore avgrensa til å omhandle å leggje til rette for å flytte ei avkøyrsløse og stenge ei avkøyrsløse gjennom detaljplanlegging. Dette er ei mindre endring av eksisterande vegsystem i ein svært avgrensa strekning. Dette utløyser ikkje plikt til å finne tilfredstillande løysingar for gang- og sykkelveg/mjuka trafikantar for heile området. Ein vil då måtte ta heile området Håbakken opp i ny planprosess for å få dette gjennomført. Administrasjonen er samd i at løysinga for kryssing for mjuka trafikantar i dette området ikkje er optimal, men er ikkje samd i at den endringa som kommunen no planlegg, utløyser plikt til å vurdere trafikktryggleik for heile området. Kommunen har handtert trafikktryggleiksvurdering der det vert gjort endringar i vegsystemet, med tilfredstillande kurvatur, siktlinjer osv.

Administrasjonen ser at det kan sjå ut som at rekkverk planlagd langs E16 ved busshaldeplassen vil stenge for gangstien. Rekkverket er ikkje teikna i reguleringsplanen, berre i illustrasjonsteikninga (ikkje juridisk bindande). Gangstien er viktig for kryssing av 16, og administrasjonen er samd i at det må koma tydeleg fram at gangstien ikkje skal stengast. Gangstien er teikna inn i reguleringsplanen, men har ikkje status som veg i vegenormalane, og vert difor ikkje teikna inn med tydeleg grå farge. Dette betyr ikkje at gangstien skal fjernast. Administrasjonen vil rå til at det vert innarbeida i vedtaket at rekkverk ikkje skal stenge gangstien, slik at bebuarane får ei klarheit i dette.

Norconsult opplyser og om at det er ikkje sikkert at det er naudsynt med rekkverk så langt vest på strekningen. Detaljprosjektering vil avgjere om det er behov for dette, men det er i vegteikningane lagt til rette, tilfelle dette vert eit behov. Dei opplyser og om at det er planlagd å lage opning for gangstien.

Administrasjonen meiner at planframlegget som ligg føre, legg til rette for framtidretta og tilfredstillande løysingar for ny avkøyring for næringsarealet på Håbakken, og at reguleringsplanen no kan vedtakast med dei mindre endringane som omhandlar rekkverk over gangstien og tillegg i føresegn om vassmiljøet.